



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

MEDLEMMER:

Programstyreleiar
Programkoordinator
Vitskapeleg tilsett
Vitskapeleg tilsett
Studentrepresentant KD
Studentrepresentant M
Programstyresekretær

Anna Svingen-Austestad, førsteamanuensis
Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis
Anne Skaansar, førsteamanuensis
Steinar Sætre, førstelektor
Renate Prokopcika
Emilia Stajer
Fredrik Due-Olsnes

Møte 02/2025

Arkivnr: 2025/515

Innkalling til møte i programstyret for PPU-KMD

torsdag 12.06.2025 kl. 09:00 – 11:00

KMD – Møterom 303

I. Godkjenning av innkalling og dagsorden

II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 23.05.2025

III. Saker

Sak 09/25	Vekting i rettleiing og vurdering i nye emne
Sak 10/25	Tal på praksisbesøk
Sak 11/25	Krav om oppmøte
Sak 12/25	Innføring av administrative system ved KMD

IV. Orienteringssaker

OSak 03/25	Referat frå møtet om opptak
OSak 04/25	Fakultetsstyresak 28/25 – Tilpasning og justering av undervisningsregnskapet ved KMD

V. Eventuelt

Bergen 11.06.2025

Anna Svingen-Austestad
Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes
Sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

MEDLEMMER:

Programstyreleiar	Anna Svingen-Austestad, førsteamanuensis	Møtt
Programkoordinator	Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Anne Skaansar, førsteamanuensis	Møtt
Vitskapeleg tilsett	Steinar Sætre, førstelektor	Møtt
Studentrepresentant KD	Renate Prokopcika	Ikkje møtt
Studentrepresentant M	Emilia Stajer	Ikkje møtt
Programstyresekretær	Fredrik Berntsen Due	Møtt

Møte 02/2025

Arkivnr: 2025/515

Protokoll til møte i programstyret for PPU-KMD

fredag 23.05.2025 kl. 09:00 – 11:00

KMD – Møterom 303

I. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjent

II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 21.02.2025

Godkjent

III. Saker

Sak 06/25

Oppstartsveka 2025

Vedtak:

Programstyret ønskjer same utgangspunkt som i fjor, men endeleg plan kjem i slutten av juni.

Sak 07/25

Møteplan studieåret 25-26

Vedtak:

Programstyret vedtar framlagt møteplan med følgjande endringar:

Veke 36 og 40, 1245-1445

Veke 32 avlyst

IV. Orienteringssaker

OSak 01/25

Sommaravslutning

Fleire studentar er på ballen.

PSM må eventuelt søkje om skjenkjebevilling

Programstyreleiar vidareformidlar kontaktopplysningar til Steinar og Anne, slik at dei kan ta ansvar vidare
Det er KSU som styrer området med FORMBAR, så søknad om å bruke dette området må avklarast med dei

Framre del av øvre hall er booka 16-20
PPU er booka fram til kl 20, i samband med munnleg eksamen

OSak 02/25 KI språkpolitisk utval. Meldt inn – ikkje handsama

Konteksten er viktig, då det ikkje berre handlar om omsetting, men at med utdannar lærarar som skal undervise i norsk skule.

V. Eventuelt

MUDI202 eksamen

Det er ønska at MUDI202 sin praktiske vurdering skal få same vurderingsform som KMDPPU4. Sekretær finn ut kor dette må godkjennast. Ny formulering for KMDPPU4 kjem og på neste programstyremøte

Kva er saker til programstyremøte vs. Lærarmøte

Saker som kjem til neste programstyremøte:

Opptakt og retningslinjer for opptak

Oppmøtereglement ++

Revisjonar på nye PPU-KMD

VI.

Bergen 06.06.2025

Anna Svingen-Austestad

Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes

Sekretær



PROGRAMSTYRET PPU

Sak.nr.: 09/25

Arkivnr: 2025/515

Sakstype: Vedtak

Møte: 5 – 12.06.2025

Vekting i rettleiing og vurdering i nye emne

Bakgrunn

Med innføring av ny emnestruktur og samansetning av innhald i emna, må programstyret gå igjennom og vedta vekting for rettleiing og vurdering i dei nye emna.

Til Saka

I ressursberekninga pr.d.d står det:

Emne	Timar	Vekting	Kva
PPU1	2t	2	Rettleiing mappe
PPU1	2t	2	Vurdering mappe
PPU2	3t	2	Rettleiing
PPU2	2t	2	Vurdering
PPU3	1t	2	Rettleiing
PPU3	1t	2	Vurdering
PPU4	1t	2	Rettleiing
PPU4	1t	1	Praktisk eksamen
PPU4	1t	2	Munnleg eksamen

Er dette ei fordeling programstyret kan vedta, eller er det nødvendig med justering om?

Forslag til vedtak

[vert utarbeida på møtet]

Julia Leikvoll

Programkoordinator

Fredrik Due-Olsnes

programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET PPU

Sak.nr.: 10/25

Arkivnr: 2025/515

Sakstype: Vedtak

Møte: 5 – 12.06.2025

Tal på praksisbesøk

Bakgrunn

Med innføring av ny fordeling av praksis for kunst og design, har får deltidsstudentane fire praksisperiodar. Det er berekna to praksisbesøk per student.

Til Saka

Programstyret bes om å diskutere fordeling av praksisbesøksressursen på KD deltid.

Kva semestre skal praksisbesøka avviklast?

Forslag til vedtak

[vert utarbeida på møtet]

Julia Leikvoll

Programkoordinator

Fredrik Due-Olsnes

programstyresekretær



PROGRAMSTYRET PPU

Sak.nr.: 11/25

Arkivnr: 2025/515

Sakstype: Diskusjon

Møte: 5 – 12.06.2025

Krav om oppmøte

Bakgrunn

Det har i programstyret og i fagmiljøet vore fleire rundar med diskusjonar om krav til oppmøte, obligatoriske undervisningsaktivitetar (OBL), 20% regelen, gyldig fråvær, gyldig fråvær på fagleg grunnlag, permisjon og pause frå studiet. Det er ønska at programstyret tar ein diskusjon på dette for å klargjere kva som er ønska på studieprogrammet.

Til saka

Det er i både på programnivå og emnenivå vedtatt eit krav om oppmøte til undervising, t.d.

[KMDPPU1](#): «Grunna eit fokus på studentaktive arbeidsformer er all undervising obligatorisk, og fråvær på meir enn 20% førar normalt til tap av eksamensretta.»

Likevel er det vedtatt/ønska ulike formar for fråvær som gjer at studentane kan gå over denne grensa. Det kjem her ei utgreiing om dei ulike formane for fråvær, og kva dette vil seie for student, fagpersonar og studieadministrasjon.

Gjeldande reglar

- Udokumentert fråvær – 20% grense
 - Til «fri» bruk for studenten. Får ingen konsekvensar korkje for student, fagpersonar eller studieadmin
- Gyldig fråvær – Ikkje ei definert grense på PPU.

- Studenten kan etter søknad få innvilga fråvær som gyldig, og har da rett på ny gjennomføring av OBL før eksamen (betyr ikkje automatisk innafor same semester). Studenten må dokumentere dette fråværet. Sjå [§§ 5-5 og 5-6](#) i UiBs studieforskrift.
- Dersom det er *praktisk mogleg eller er ikkje ein uforholdsmessig byrde for fakultetet*, skal gjennomføringa av ny undervisningsaktivitet og eksamen gjennomførast så snart som råd. Dette kan bety inneverande semester, påfølgande semester, eller neste gang emnet gjennomførast.
- Dette kan føre til ein praksis kor emneansvarleg kan «gå god for» fråværet, og studenten likevel kan gjennomføre eksamen utan ny gjennomføring av OBL før eksamen.

Forslag til nye reglar

- Gyldig fråvær på fagleg grunnlag
 - Det blei i programstyremøte Sak 30/24 vedtatt at PPU skulle ha ei prøveordning for gyldig fråvær på fagleg grunnlag. Dette blei ikkje gjennomført av di det blei avgløymt.
 - Denne ordninga skulle gjere det mogleg for studentar å få innvilga éin dag fråvær pr. emne, grunna i at fråværet skulle vere fagleg relevant for emnet.
 - Det er her ikkje påkravd ny gjennomføring av OBL, men det er tatt høgde for at emneansvarleg kan krevje dette.
- Permisjon på fagleg grunnlag
 - I UiB studieforskrift [§ 5-2. Permisjon](#), er det i punkt (1) f. skildra at studentar har rett til permisjon «når andre særskilde forhold talar for, til dømes toppidrett». Det er no foreslått å vedta eit lokalt tillegg, sånn at studentar på PPU-KMD òg kan søkje permisjon med grunnlag i «toppkunst» (til dømes store utstillingar eller konsertar).
 - Bakgrunnen for dømet med toppidrett er ei avtale mellom UiB og Olympiatoppen. Dette gjer det mogleg for studentar som er knytt til Olympiatoppen å delta på større internasjonale konkurransar (og ved eventuelt seint uttak), utan å miste eksamensretta/studieretta. Dette gir likevel ikkje fritak frå OBL, som eventuelt må gjennomførast før eksamen.
 - Hovudregelen for permisjon, jf. studieforskrifta, er at det er for eitt eller to semester, men ordninga med Olympiatoppen opnar for kortare fråvær, som i mange tilfelle heller kan innvilgast som gyldig fråvær.

Døme på teoretisk fråvær PPU-KMD

Emna på PPU har ei fråværgrense på 20%, og i dei emna kor tal på dagar vert eit desimaltal har det vore praksis å runde opp. T.d. i KMDPED201 var det i 24/25 13 undervisingsdagar, 20% av dette er 2,6, men er runda opp til 3 tilgjengelege dagar for udokumentert fråvær.

Definert tal på tilgjengeleg fråvær

- Om ein skal tenke det same om dei nye emna vil t.d. KMDPPU1, som har 12 undervisingsdagar (20% = 2,4 dagar), og ha 3 dagar som er tilgjengelege for udokumentert fråvær.
- Om gyldig fråvær på fagleg grunnlag vert innført, og emneansvarleg ikkje krevjar gjennomføring av OBL er dette ein ekstra dag fråvær.

Udefinert tal på tilgjengeleg fråvær

- Gyldig fråvær har ikkje ei fastsett grense, men for dømet her vert det brukt 2 dagar som emneansvarleg «går god for», utan at studenten må gjennomføre ny OBL før eksamen
- Permisjon på fagleg grunnlag har ikkje PPU-KMD noko erfaring med, men for dømet her vert det brukt 1 dag som emneansvarleg «går god for», utan at studenten må gjennomføre ny OBL før eksamen.

Teoretisk døme:

Om ein bruker KMDPPU1 som døme, med 12 undervisingsdagar hausten 2025, vil ein student med døma på fråvær skildra over, teoretisk sett totalt kunne ha 7 dagar fråvær. Dette er meir enn halvparten av undervisingsdagane. Dette er sjølvsagt ein teoretisk og ekstrem versjon, men moglegheitene er der.

Døme frå andre utdanningar

- UiS -
- GA – enkeltvurdering
- M61 – Kunst og design
 - Inga obligatorisk undervising
 - Rettleiingskontraktar som gjev føringar for noko oppmøte
 - Nokon arbeidskrav i form av t.d. presentasjonar
 - Verkstad og HMS- er OBL, men er ikkje knytt til emna

- Etter anbefaling frå studieseksjonen
 - Ikkje uproblematisk – på PRO-emna skulle gjerne fleire ha vore til stade i undervisinga av di det er mange teknikkar det er vanskeleg å lære seg utan undervising.

Diskusjon

Det er ein diskrepans mellom vedtatt oppmøtekrav og gjeldande *og* ønska fritak frå same oppmøtekrav. Det sterkt uttalt i fagmiljøet at det er naudsynt med oppmøtekrav, grunna i studentaktive læringsformer, men det er likevel ønska fleire fritak frå dette.

Eventuelle ordningar som kjem i tillegg til UiBs studieforskrift vil gje ei auke i administrative oppgåver for emneansvarlige og auke i arbeidsbelastning for studiekonsulent.

Er det eit ønske om oppmøtekrav på PPU-KMD?

Er det eit ønske å ha «fritak» frå OBL?

Kan ein tenke annleis rundt OBL og oppmøte?

Kan ein vedta ei anna fråværsgrænse som vil ta høgde for dette? Her står ein fritt.

Kan ein seie at det berre er enkelte dagar som er obligatoriske?

Anna Svingen-Austestad

Programstyreleiar

Fredrik Due-Olsnes

programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET PPU

Sak.nr.: 12/25

Arkivnr: 2025/515

Sakstype: Diskusjon

Møte: 5 – 12.06.2025

Innføring av administrative system ved KMD

Bakgrunn

Det er fremmet forslag om at fagmiljøet ved PPU drøfter innføringen av nye administrative systemer ved KMD.

Til Saka

Hva er erfaringene med innføringen av nye systemer?

På hvilken måte er det ønskelig at fagmiljøene blir involvert i disse prosessene?

Hva bør skje før sluttproduktet lanseres?

Drøftingen vil danne utgangspunkt for videre behandling, og programstyret bes ta stilling til om det er ønskelig å lage et felles skriv som sendes videre til fakultetsledelsen.

Anna Svingen-Austestad

Programstyreleiar



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET PPU

O-Sak.nr.: 03/25

Arkivnr: 2025/515

Sakstype: Orientering

Møte: 5 – 12.06.2025

Referat frå møtet om opptak

Orientering

Anna Svingen-Austestad

Programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due

programstyresekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

PROGRAMSTYRET PPU

O-Sak.nr.: 04/25

Arkivnr: 2025/515

Sakstype: Orientering

Møte: 5 – 12.06.2025

Fakultetsstyresak 28/25 – Tilpassing og justering av undervisningsrekneskap ved KMD

Orientering

[SAK 2825 Tilpasning og justering av undervisningsregnskapet ved KMD.pdf](#)

I fakultetsstyret 5. juni 2025 blei ein sak om tilpassing og justering av undervisningsrekneskap ved KMD diskutert.

Oppsummert:

Bakgrunn: Studieprogramma ved Kunstakademiet og Design har gjennomgått betydelege endringar dei siste åra. Dette inkluderer redesign, gjennomgang av emneporteføljer, programevalueringar og reakkredittering i 2024.

Behov for justering: Endringane har ført til behov for ei gjennomgang og justering av undervisningsregnskapet. Dette gjeld både hensiktsmessige roller i undervisningsregnskapet og berekning/vekting av faktorar for ulike undervisningsoppgåver.

Implementering av Accord: Ambisjonen om og implementeringa av Accord for å forbetre systemstøtta på studiesida har også aktualisert behovet for ei gjennomgang og justering av undervisningsregnskapet i samsvar med nye studieplanar.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret vedtar justeringer i undervisningsregnskapet felles for KMD, ved Kunstakademiet – Institutt for samtidskunst og Institutt for design slik de fremkommer i vedlegg 1, 2 og 3.

Etter diskusjon og påfølgende skriftleg merknad frå forskerforbundet v/Steinar Sætre, valte fakultetsstyret å endre vedtaket i sak 28/25 Tilpasning og justering av undervisningsregnskapet ved KMD.

Fakultetsstyret erkjenner at forankringa ikkje har vore god nok, og ønskjer ei vidare oppfølging av saka. Det nye vedtaket lyder:

«Fakultetsstyret ber fakultetet om å arbeide videre med tilpasning og justering av undervisningsregnskapet ved KMD i tett dialog med institutt og fagmiljø».

Steinar Sætre

Fredrik Due-Olsnes
programstyresekretær